



Ordning for hovudgudsteneste
(med ordning for dåp 2017)
Radøy sokn

Ordning for hovudgudsteneste

- **Forkortingar**

L = Liturg, ML = Medliturg, A = Alle.

- **Salmenummer står på tavla.**

Dersom ein salme finst både på nynorsk og bokmål, så syng vi den nynorske teksten.

I. Samling

1. Førebuing

Klokkeringing

Informasjon om gudstenesta i dag

Kort stille

Tre klokkeslag

2. Inngangssalme med prosesjon - vi reiser oss og syng

Kyrkjelyden vert ståande under denne salmen.

Kyrkjelyden set seg etter salmen.

3. Inngangssord

4. Samlingsbøn

Samlingsbøna vert avslutta med

ML Gud vi bed.

A Amen.

5. Bønerop (Kyrie)

Anten

A Kyrie eleison. Gud Fader, miskunna deg.
Kriste eleison. Herre Krist, miskunna deg.
Kyrie eleison. Heilag Ande, miskunna deg.

Eller

A Kyrie eleison, kyrie eleison, kyrie eleison.
Kriste eleison, Kriste eleison, Kriste eleison.
Kyrie eleison, kyrie eleison, kyrie eleison.

6. Lovsong (Gloria)

Anten

L/ML Ære vere Gud i det høgste

A og fred på jorda blant menneske som Gud har glede i.

Vi lovar deg, vi prisar deg, vi tilbed deg, vi opphøgjer deg. Amen.

Eller

A Gloria, gloria in excelsis deo!

Gloria, gloria, halleluja, halleluja.

Lova Gud, lova Gud, lova Gud i det høgste!

Lova Gud, lova Gud, halleluja, halleluja.

Dåp ⇒ side 11

Dersom det er dåp i gudstenesta, kjem den her. Sjå side 11.

II. Ordet

Kyrkjelyden vert sitjande under dei to første lesingane.

7. Første lesinga

8. Kort stille

9. Andre lesinga

10. Evangelium

Kyrkjelyden reiser seg og syng eit hallelujavers:

Hal-le - lu - ja, hal-le - lu - ja, hal-le - lu - ja.

Hal-le - lu - ja, hal-le - lu - ja, hal-le - lu - ja!

Kyrkjelyden står under lesinga. Etter lesinga vert hallelujaverset sunge ein gong til, før kyrkjelyden set seg.

11. Preike

12. Truvedkjening (Går ut dersom det har vore dåp i gudstenesta.)

ML/L Lat oss vedkjennast vår heilage tru.

Kyrkjelyden reiser seg og seier fram truvedkjeninga saman.

Anten

Eg trur på Gud Fader, den allmektige,
som skapte himmel og jord.

Eg trur på Jesus Kristus,
Guds einborne Son, vår Herre,
som vart avla ved Den heilage ande,
fødd av Maria møy,
pint under Pontius Pilatus,
vart krossfest, døydd og vart gravlagd,

Eller

Vi trur på éin Gud,
den allmektige Far,
som har skapt himmel og jord,
alt synleg og usynleg.

Vi trur på éin Herre, Jesus Kristus,
Guds einborne Son,
fødd av Faderen før alle tider,
Gud av Gud, lys av lys,

fór ned til dødsriket,
stod opp frå dei døde tredje dagen,
fór opp til himmelen,
sit ved høgre handa åt Gud,
den allmektige Fader,
skal koma att derifrå
og døma levande og døde.

Eg trur på Den heilage ande,
ei heilag, allmenn kyrkje,
eit samfunn av dei heilage,
forlating for syndene,
oppstoda av lekamen
og evig liv.
Amen.

Den apostoliske truvedkjeninga.
Kyrkjelyden set seg.

sann Gud av sann Gud,
fødd, ikkje skapt,
av same vesen som Faderen.
Ved han er alt skapt.
For oss menneske og til vår frelse
steig han ned frå himmelen,
og ved Den heilage ande og av Maria møy
vart han menneske av kjøt og blod.
Han vart krossfest for oss
under Pontius Pilatus,
leid og vart gravlagd,
stod opp tredje dagen etter Skriftene
og fór opp til himmelen,
sit ved høgre handa åt Faderen,
skal koma att i herlegdom
for å døma levande og døde,
og hans rike skal vera utan ende.

Vi trur på Den heilage ande,
som er Herre og gjer levande,
som går ut frå Faderen og Sonen,
som vert tilbeden og æra
saman med Faderen og Sonen
og som har tala gjennom profetane.

Vi trur på éi heilag, allmenn
og apostolisk kyrkje.
Vi vedkjennest éin dåp
til forlating for syndene
og ser fram til oppstoda av dei døde
og eit liv i den komande verda.
Amen.

Den nikenske truvedkjeninga.
Kyrkjelyden set seg.

13. Salme

III. Forbøn

14. Syndsvedkjenning

(⇒ For andre alternativ sjå side 10)

Alle les syndsvedkjenninga høgt.

L Lat oss bøya oss for Gud og be om tilgjeving.

A Gud, du kjenner og elsker oss alle.
Vi har gjort deg imot.
Vi har gløymt deg og det du vil vi skal gjera.
Vi har tenkt meir på oss sjølve enn på andre.
Tilgjev oss for Jesu skuld.

15. Forbøn for kyrkja og verda

ML/L Lat oss be for kyrkja og verda.

Kyrkjelydssvar

Etter kvart bøneavsnitt syng kyrkjelyden eit svar.

Anten

Johan Varen Ugland

Siste gong:

Her - re, vår Gud, høyr oss når vi bed. A - men.

Eller

Iver Kleive

Høyr vår bøn. Høyr vår bøn. Lat ri - ket ditt
ko - ma, lat vil - jen din rå - da. Høyr vår bøn.

Vi minnest dei døde og bed for dei sørgjande

Forbøna vert avslutta med at kyrkjelyden minnest dei i soknet som det har vore halde gravferd for sidan sist gudsteneste.

I gudstenester utan nattverd:

16. Takkofter frå kyrkjelyden

Kyrkjelyden går fram til døypefonten og offrar.

L Evige Gud, di er jorda og det som fyller henne.
Alt vi eig høyrer deg til. Av ditt eige gjev vi deg attende.

A Ta imot oss og gåvene våre i Jesu namn. Amen.

⇒ Side 9, punkt 21

IV. Nattverd

17. Offertoriesalme

Takkofferet vert samla inn i benkane.

L Velsigna er du, Gud. Di er jorda og alt som fyller henne. Av ditt eige gjev vi deg attende. Sameina di kyrkje av alle folkeslag og tungemål. Liksom kornet har vorte eitt i brødet og druene i vinen, så gjer oss til eitt med kvarandre og med Herren Jesus Kristus.

A Ta imot oss og gåvene våre i Jesu namn. Amen.

18. Takkseiing og bøn

L Herren vere med dykk.

Kyrkjelyden reiser seg og syng

A Og med deg vere Herren.

L Lyft dykkar hjarte.

A Vi lyfter våre hjarte til Herren.

L Lat oss takka Herren vår Gud.

A Det er verdig og rett.

Innleiande lovprising

Liturgen messar eller seier fram lovprisinga.

Sanctus

A syng Heilag, heilag, heilag er Herren Sebaot.
All jorda er full av din herlegdom. Hosianna i det høgste.
Velsigna vere han som kjem i Herrens namn.
Hosianna i det høgste.

Nattverdsbøn med Innstiftingsorda

Etter innstiftingsorda seier liturgen og kyrkjelyden:

L Mysteriet i trua er stort.
A Kristus døydde. Kristus stod opp. Kristus skal koma att.
Han vere ære for kjærleiken som er sterkare enn døden.

Herrens bøn

A Vår Far i himmelen.
Lat namnet ditt helgast.
Lat riket ditt koma.
Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.
Gjev oss i dag vårt daglege brød,
og tilgjev oss vår skuld,
slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.
Og lat oss ikkje koma i freisting,
men frels oss frå det vonde.
For riket er ditt
og makta og æra i all æve. Amen.

19. Nattverdsmåltidet

Fredshelsing

L Guds fred vere med dykk.
A Guds fred vere med deg.

Utvida fredshelsing

L Lat oss helsa kvarandre med eit teikn på fred.

Her kan vi helsa kvarandre. Dette kan gjerast med å seia "Guds fred" eller utan at det vert sagt noko i det heile - berre med eit enkelt handtrykk.

Agnus Dei

A syng Du Guds Lam, som ber all verdsens synder, miskunna deg over oss.
Du Guds Lam, som ber all verdsens synder, miskunna deg over oss.
Du Guds Lam, som ber all verdsens synder, gjev oss din fred.

Utdeling

L Kom, for alt er gjort ferdig.

Kyrkjelyden set seg, eller går fram til altaret / døypefonten for å ta imot nattverden.

Etter utdelinga seier liturgen og kyrkjelyden:

L Den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus har no gjeve oss sin heilage lekam og sitt dyre blod som han gav til soning for alle våre synder.
A Han styrkje oss og halde oss oppe i ei sann tru til det evige livet.

20. Avslutning av måltidet

Takkebøn

Liturgen og kyrkjelyden bed ei av desse takkebønene, eller ei anna bøn.

Anten

L Vi takkar deg, nådige Gud, du som gjennom brødet og vinen har gjeve oss del i Jesu Kristi sigerrike død og oppstode.
A Styrk oss ved din Ande til vitnemål og teneste i verda.

Eller

L Trufaste Gud, du som i dåpen har gjeve oss barnekår og gjort oss til arvingar i ditt rike. Vi takkar deg for dette måltidet, der du har gjeve oss forlating for syndene og fornya oss i trua på dine lovnader.
A Styrk oss ved din Ande til vitnemål og teneste i verda.

Eller

L Vi takkar deg, visdoms Gud, for den djupe løyndomen i ditt måltid: Brødet vi har brote, er eitt. Son din har gjeve sitt liv for éi verd og éi menneskeslekt.
A Vi bed deg: Hjelp oss å høyra det ropet du har høyrte, å sjå den nauda du har sett, og å elska nesten vår som oss sjølve.

V. Sending

21. Salme - vi reiser oss og syng

22. Velsigning

L/ML Lat oss prisa Herren.

A syng Gud vere lova. Halleluja, halleluja, halleluja.

L Herren velsigne deg og vare deg. Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig. Herren lyfte sitt åsyn på deg og gje deg fred.

A Amen. Amen. Amen.

Tre gonger tre bøneslag

23. Postludium

Kyrkjelyden set seg og lytter til postludiet.

24. Utsending

L Gå i fred. Ten Herren med glede.

Synsvedkjening - alternativ

1

Gud, ver meg nådig!
Eg har synda mot deg og svikta min neste
– med tankar og ord,
med det eg har gjort,
og med det eg har forsømt.
Tilgjev meg mi synd for Jesu Kristi skuld.
Skap i meg eit reint hjarte,
og gjev meg kraft til nytt liv ved din heilage Ande.

2

Gud, ver meg nådig!
Tilgjev meg mi synd for Jesu Kristi skuld.
Skap i meg eit reint hjarte,
og gjev meg kraft til nytt liv ved din heilage Ande.

5

Heilage Gud,
du har vist oss din gode vilje for livet.
Du har gjeve oss éi jord
til bustad for alle menneske.
Vi vedkjenner
at vi ved våre haldningar og handlingar skader det livet du har skapt,
og har gjort deg imot.
Tilgjev oss vår synd.
Gjev oss visdom og mot
til å gjera din vilje.

Ordning for dåp i hovudgudstenesta (2017)

I. Mottaking til dåp

- Liturgen ynskjer velkomen til dåp.
- Skriftlesing: Markus 10,13-16.
- Bøn.

II. Dåpsbefalinga

- Skriftlesing: Matteus 28,18-20.

III. Fadderansvaret

- Liturgen bed foreldre og fadrar om å reise seg.

IV. Forsakinga og trua

L Lat oss saman vedkjennast forsakinga og trua, som vi døyper borna våre til.

Alle reiser seg og seier:

A Eg forsakar djevelen og alle hans gjerningar og alt hans vesen.
Eg trur på Gud Fader, den allmechtige, som skapte himmel og jord.
Eg trur på Jesus Kristus,
Guds einborne Son, vår Herre,
som vart avla ved Den heilage ande,
fødd av Maria møy,
pint under Pontius Pilatus,
vart krossfest, døydde og vart gravlagd,
fór ned til dødsriket,
stod opp frå dei døde tredje dagen,
fór opp til himmelen,
sit ved høgre handa åt Gud, den allmechtige Fader,
skal koma att derifrå og døma levande og døde.
Eg trur på Den heilage ande,
ei heilag, allmenn kyrkje,
eit samfunn av dei heilage, forlating for syndene,
oppstoda av lekamen og evig liv. Amen.

Kyrkjelyden set seg.

V. Dåpshandlinga

VI. Bøn og lovprising

- Bøn.
- Herrens bøn, dersom det ikkje er nattverd i gudstenesta:

L Lat oss saman be den bøna Jesus har lært oss.

A Vår Far i himmelen.
Lat namnet ditt helgast.
Lat riket ditt koma.
Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.
Gjev oss i dag vårt daglege brød,
og tilgjev oss vår skuld,
slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.
Og lat oss ikkje koma i freisting, men frels oss frå det vonde.
For riket er ditt
og makta og æra i all æve. Amen.

- Liturgen les lovprisingsorda

VII. Dåpssalme.

Salmenummeret står på tavla.

⇐ side 4